



Løpartalent og forbilde. Amund Hella Berge-Soldal og Henrik Ingebrigtsen.

Løpartalentet Amund Hella Berge-Soldal har trent godt og har hatt ei flott innleiing på friidrettssesongen. I tillegg til å ha vist dette i lokale løp har han mellom anna imponert i Maileikane i Haugesund der han vann 1500 m. Dette kvalifiserte han til deltaking i Tyrvingleikane som vart avvikla på Nadderud stadion i helga. Der gjorde Amund glimrande innsats.



Amund viser fram medaljen etter den strålende innsatsen.

På 1500 m sprang han glimrande og pressa den gode tida han hadde i Haugesund ytterlegare i overkant av 10 sekund ned, og han kom i mål på knallsterke 4.49.42 som gav ein imponerande 3.plass mot alle dei beste i landet i hans årsklasse. Etter det vi har fått opplyst gir det 1032 poeng etter Tyrvingtabellen, og det kvalifiserer dermed til Friidrettens gullnål med god margin.

Amund deltok også på 600 m i Tyrvingleikane. Han gjorde ein flott innsats i dette løpet og. Han kom i mål som 7. mann av alle som deltok, og tida vart 1.45.73. Vi gratulerer 12 åringen frå Holmen, og gler oss til å følgja utviklinga hans framover.

Svært inspirerende var det nok også for 12 åringen å vera publikum på Bislett Games på torsdag. Der fekk han sjå mange verdensstjerner, blant dei Karsten Warholm og dei 3 brødrene Ingebrigtsen. Han fekk oppleva Warholm setja europarekord på 400 m hekk og Henrik Ingebrigtsen sette ein sterk norsk rekord på 3000 m. Etter løpet fekk nok Amund eit stort øyeblikk då han fekk helse på den nybakte norgesrekorhaldaren. Vi nemner

og at Amund fekk oppleve at Ingar Kiplesund, med mykje uskedalsblod i årene, vann lengdekonkurransen. Å vera tilskodar på Bislett Games var nok god inspirasjon for ungguten.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Stig Berge-Soldal